




## Innhald


- 9** Følg skiltet!
- 10** Ingen av stavkyrkjene er like
- 15** Slik er stavkyrkjene bygde
- 21** Kor gamal er kyrkja?
- 22** Portalar og anna utsmykking
- 26** Inne i kyrkja i middelalderen
- 28** Undredal stavkyrkje – den minste i landet
- 34** Borgund stavkyrkje i Lærdal
- 40** Lomen stavkyrkje i Valdres
- 44** Nore stavkyrkje i Numedal
- 48** Urnes stavkyrkje på Ornes
- 52** Segner
- 58** Ver varsam med dei freda bygningane!
- 62** Ordliste



## Kvar einaste sommar

Kvar einaste sommar kjem turistar frå mange land til Noreg. Dei kjem blant anna for å sjå stavkyrkjene våre. Stavkyrkjene er blant dei eldste trebygningane i verda. Gamle bygningar i andre land er oftast laga av stein. Utanom stavkyrkjene i Noreg, finn vi ei, Hedared stavkyrkje, i Sverige. Vi kjenner også til restar frå Gotland og Danmark. Det er ikkje teikn etter stavkyrkjer andre plassar, men det er funne spor etter stolpekyrkjer over heile Europa nord for Alpane.

Stavkyrkjene er vakre med flotte utskjeringar og dekorasjonar både utanpå og inni. Dei som bygde desse, må ha vore rike. Dei har brukt dei beste arkitektane, handverkarane og kunstnarane på den tida. Med mykje enklare reiskapar enn vi har no, skapa dei flotte kunstverk. Urnes stavkyrkje er den eldste og mest verdifulle og står på UNESCO si liste over verdas kulturarv.





Borgund stavkyrkje,  
Lærdal.



## Følg skiltet!

### Kringlemerket

Dette skiltet vert kalla kringlemerket fordi det liknar på to kringler som står inntil kvarandre. Når du ser dette skiltet, veit du at du kjem til noko som er verdt å sjå nærare på.

### Stavkyrkjeskiltet

Dette skiltet viser vegen til ei stavkyrkje. Det er Borgund stavkyrkje du ser på skiltet. Det er fordi Borgund har den ufforminga folk flest forbind med ei stavkyrkje.



HALTDALEN



GRIP



NORE

Urnes stavkyrkje



Grip stavkyrkje



Nore stavkyrkje



Haltdalen stavkyrkje



## Ingen av stavkyrkjene er like

Ikkje to av dei 28 stavkyrkjene som står i dag, er heilt like. Til dømes er Haltdalen, Urnes, Grip og Nore stavkyrkjer temmeleg ulike sett utanfrå.

Haltdalen stavkyrkje er ei enkel kyrkje med **skip** og **kor**. Stavane, ein i kvart hjørne, står på sviller. I forma liknar denne stavkyrkja mykje på steinkyrkjene frå same tida. Kyrkja er utan tårn.

Urnes er ei kyrkje med opphøgde midtrom i skip og kor. På ein måte kan ho seiast å ha ei steinkyrkje som førebilete. Dette ser vi på søylene og bogane inne. Urnes har eit stort tårn frå 1700-talet. Dette er heilt ulikt tårnet på Borgund stavkyrkje.

Grip stavkyrkje er så enkel at mange ikkje tenkjer på ho som ei stavkyrkje. Men ho er det like fullt. Koret og skipet er bygd i eitt.

Nore stavkyrkje vart truleg bygd som **korskyrkje** alt frå byrjinga. Ho hadde to små sideskip som ga rom til to alter. Kyrkja hadde og ei midtmast som bar det vesle tårnet. Sideskipa vart seinare utvida, men då i lafteverk.





Malmfurua

## Malmfurua – det beste materialet

For at kyrkja skulle tole vêr og vind, måtte ein finne fram til det beste tømmeret. Tømrarane gjekk i skogen og plukka ut furutre som kunne passe til **stavar**, takbord og veggplankar. Inni furutre er det naturleg tjøre. Når dei hadde funne gode tre, byrja dei å førebu malminga. Når treet er malma, har tjøra trekt ut mot overflata av stammen. Då er veden vorten **impregnert**, og vatnet kan ikkje trenge inn i treet lenger. Impregneringa hindrar at tømmeret rotnar, og at kyrkja vert øydelagd.

For at impregneringa skulle bli retteleg bra, hogg dei ikkje treet med det same. Dei ringbarka ein del av leggen og hogg toppen av. Dei kunne også la nokre greiner stå att i toppen. Treet skulle tørke sakte ut og døy. Då vart malminga best.





## Kor gamal er kyrkja?

Når vi sagar ned eit tre, kan vi finne ut kor gammalt det er ved å telje **årringane**. Det er ein årring for kvart år treet har levt. Når treet har fått mykje sol og regn, vert årringen brei. Etter ein dårleg sommar, vert årringen smal. På det viset kan vi ikkje berre sjå kor gammalt treet er, men også korleis åra har vore. I tre som har vakse i same område, finn vi att det same vekstmønsteret. Når vi samanliknar årringane frå ulike tre, kan vi kjenne att dei ulike årstala på mønsteret.

Vi kan finne ut kor gammalt eit tre er, anten det kjem frå ein *stav* i ei stavkyrkje eller vert hogge no. Det er fordi vi kan sette opp ei samanhengande årringsrekke for staden eller området rundt. Då ser vi kva år treet byrja å vekse. Sit barken på, kan vi også finne ut når det vart hogge. Denne metoden kallast **dendrokronologi**.

Då det vart teke årringsprøve i Urnes stavkyrkje, fekk vi samanhengande årringar heilt frå 765.



Portal frå  
Heddal stavkyrkje.

## Portalar og anna utsmykking

Dei fleste stavkyrkjene har vakre, utskorne portalar. Ein portal er ein fin dørkarm. Nokre portalar som stod i kyrkjer som er borte, er også tekne vare på. Portalane har ein *skurd* der dyr og planter myldrar. Ein kan ofte skimte drakar som møttest i kamp.

Den mest berømte av portalane står på Ornes. Han vart teken vare på frå den kyrkja som stod før den vi kan sjå i dag. Vi kan sjå ormar, fabeldyr og planter. Dyra bit kvarandre, og alt slynger seg elegant i store endelause lenkjer på veggene. På endeveggene finn vi dei same figurane, men desse er ikkje skorne så langt inn i treet.

I fleire av stavkyrkjene er det masker av menneskeansikt i toppen av stavane. Ein slik topp kallar vi eit *kapitel*. I Urnes stavkyrkje derimot finn vi bilete med mange ulike motiv. Kapitela er dekorerte på tre sider. Der kan vi sjå munkar, biskopar og løver. Mange av utskjeringane har tydeleg rot i den *keltiske* kunsten, ofte med bibelske motiv.

Urnesportalen.





Urnes stavkyrkje er den einaste som har slike utskjeringer. Portalen og veggskurden er av ein eldre type som vi kallar *Urnesstilen*. Det er fordi kyrkja har det beste dømet på slik *ornamentikk*.

Over inngangsdørene til stavkyrkjene er det ofte flotte smijarnsbeslag. Vi finn mange ringar eller handtak og låsar med store nyklar. På døra til Reinli stavkyrkje finst det ein ring med små skiver på. Desse lèt nesten som ein tamburin når ein bankar på med ringen.

I middelalderen var det slik at folk kunne bli gjorde fredlause. Dei måtte flykte frå heimstaden sin av ulike grunnar. Men i kyrkjene var alle trygge. Ingen kunne hente nokon som var i kyrkjerommet. I dag kallar vi dette *kyrkjeasyl*.

Ein omvisar i Reinli stavkyrkje fortalde at når ein flyktning greidde å ta tak i ringen på kyrkjedøra, var han berga. Alle dei små platene som vi ser festa til ringen, tok til å klinge.





## Segna om korleis Heddal stavkyrkje vart bygd

Segna fortel at fem bønder i Heddal slo seg saman om å reise Heddal stavkyrkje. Ein dag møtte ein av dei, Raud Rygi, ein framand mann. Han kunne bygge kyrkja om han fekk oppfylt ein av tre ting. Raud Rygi måtte anten få sol og måne ned frå himmelen, late hjarteblodet renne eller gissa namnet på den framande innan kyrkja stod ferdig. Det siste meinte Raud han skulle ha god tid til å greie, og så gjekk han med på avtalen.

Men Raud fekk lita tid til å løyse gåta. Alt første natta var tømmeret på plass. Den andre natta reiste spiret seg, og tredje dagen ville kyrkja stå ferdig. I otte for livet gjekk Raud over jorda sine og grunda på namnet til den framande. Då han kom i nærleiken av eit berg kalla Svintruberget, hørde han ein vakker og sterk song inne frå fjellet:

«Hys, hys vesle bane,  
i morgo kjem Finn med sol og måne,  
han kristenhjarta ei skåne  
til moro og leiker for bane.»

Dermed var gåta løyst. Byggmeisteren var trollet Finn som budde i Svintruberget. Slik berga Raud Rygi livet, og Heddal fekk kyrkja si. Men Finn kunne ikkje tole klangen frå kyrkje-klokkene. Difor flytta han seinare til eit fjell langt borte.